



Byggesak
Prosjektleiing: Hordaland fylkeskommune

Skulebygg
Totalentreprenør: HENT AS
Arkitekt: Nordic office of architecture /
AART architects
Landskapsarkitekt: Bjørbekk & Lindheim AS.

**Omlegging av veg, parkering og leidningar,
reiskapslager, gardsgarderobe og verkstadbygg**
Totalentreprenør: O.L. Kythe AS

Hestestall
Totalentreprenør: Johs. E. Øvthus AS

 **VOSS VIDAREGÅANDE SKULE**
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Strandavegen 252,
5710 Skulestadmo
Telefon: 57 30 76 00
E-post: nye.voss.vgs@hfk.no
www.hordaland.no/nyevossvgs

September 2016

 **HORDALAND**
FYLKESKOMMUNE

Voss vidaregåande skule





Program

Opningsmarkeringa
fredag 23. september 2016

Kl 11:30 Velkommen

Servering av kanapear i Hjarterommet og kantina

Kl 12:15 Opningsmarkering i idrettshallen

Innslag frå musikklinja
Eigedomsdirektør Jostein Fjærestad
Off. opning v/Fylkesordførar Anne Gine Hestetun
Leiar av utval for opplæring og helse Emil Gadolin
Fylkesdirektør opplæring Svein Heggheim
Rektor Svein Inge Styve

Innslag frå musikklinja
Helsingar

Kl 13:45 Omvising på skulen

Kl 15:15 Avslutning

Voss vidaregåande skule

Ved handsaming av skulebruksplanen i 2012/13 vart det vedteke å slå saman dei 5 skulane på Voss til 2 nye skular. Nye Voss vgs skulle etablerast på Skulestadmo der Voss jordbruksskule har helde til. Utdanningsprogramma bygg- og anleggsteknikk (BA), elektrofag (EL), naturbruk (NA), restaurant og matfag (RM), teknikk og industriell produksjon (TIP) og særskilt tilrettelagt opplæring (TO) vart lagt til den nye skulen.

Reguleringsplanen opna for utbygging på to område, landbruksbygga i nord og resten av skuleanlegget i sør. I samband med utbetring av hovudvegen E16 vart det etablert ny innkjøring til skulen mellom dei to byggeområda.

Mange av bygga i sør var gamle og stetta ikkje krava for nye skulebygg. Det vart difor vedteke å rive alle bygningane og erstatte areal som var knytt til gardsdrifta på arealet i nord. Før den store skuleutbygginga kunne starte måtte ein legge om kablar og leidningar, etablere ny parkering, bygge reiskapslager, garderobe og verkstadbygg for garden og etablere midlertidig skule for byggeperioden. På gardsområdet i nord er det også bygd ny hestestall.

For gjennomføring av skuleprosjektet var det invitert til pris- og designkonkurranse der 6 entreprenørar vart prekvalifiserte. Grunnlaget for prekvalifiseringa var dokumentasjon av erfaring og kompetanse der ein spesielt la vekt på at arkitekten skulle ha god kjennskap til vidaregåande skular, og spesielt yrkesfag som var innhaldet på den nye skulen. Dei ulike forslaga vart vurdert av ein jury som kåra ein vinnar der løysning og pris vart vekta tilnærma likt. Etter at HENT AS

vart kåra som vinnar av konkurransen, vart det gjennomført ei samspelsfase for å finne moglege forbetringar i prosjektet. Samspelet har skjedd i tett kontakt med dei som skal flytte inn på skulen.

Skulen er organisert som ein H-form med to parallelle bygningskroppar lagt i nord-sørleg retning skild med utvendige tun mot sør og nord. På tvers av bygningskroppane ligg eit sentralt innandørs volum som mellom anna dannar skulen si romslege vestibyle (skuletorget). Skulen har hovudinngang mot vest med direkte gangtilkomst frå busstopp ved hovudveggen (E16). Skuletorget og kantine opnar seg austover og gir fin kontakt med Lundarvatnet. Frå skuletorget er det og visuell kontakt mot verkstadtunet og gardsanlegget i nord og eit solrikt og skjerma uteoppfallsareal mot sør.

Organiseringa med fløyer ut frå eit sentralt tun gjer det lett for brukar og besøkande å orientere seg i bygget. Det er god visuell kontakt frå skuletunet til skulens ulike avdelingar.

Ein premiss i prosjektet er bruk av trevirke. Alle yttervegger over bakkeplan har trekledning og innvendige overflater er i massivtre. Det er nytta massivtre i dei innvendige boksane i skuletorget som husar bibliotek, auditorium og møterom. Hovudtrappen til 2. etasje er også utført i massivtre. Eit lokalt flisfyringsanlegg for skulen forsyner anlegget med varmt vatn til oppvarming.

Den nye skulen har eit bruttoareal på ca. 12.500 m² i tre etasjar. I tillegg er det bygd ca. 1.700 m² nye areal knytt til gardstunet.

Undervisningstilbod

Elektrofag EL:	30 elevar
Restaurant og matfag RM:	30 elevar
Naturbruk NA:	155 elevar
Særskilt tilrettelagd opplæring TO:	12 elevar
Bygg og anleggsteknikk BA:	53 elevar
Teknisk industriell produksjon TIP:	82 elevar
Teknisk fagskule TF:	40 elevar
Totalt:	402 elevar

Areal/Planløyising

Underetasje: Verkstader og garderoabar for TIP. Verkstader, garderoabar og klasserom for BA. Kjøkken, garderoabar og klasserom for RM. Idrettshall med garderoabar og styrketreningsrom. Kantine med personalrom. Kontor for drifts- og reinhaldsleiar. Varemottak, lager og tekniske rom. I eige bygg er det lager for TIP og BA samt vaskehall for skulens kjøretøy.

Første etasje: Hovudinngang med skuletorget. Garderoabar og klasserom for TO. Klasserom for TIP. Kontor for administrasjonen. Lærararbeidsplassar. Møterom. Auditorium med 90 plassar. Bibliotek.

Andre etasje: Generelle klasserom/møterom inklusiv realfagsrom. Verkstad og klasserom for EL. Klasserom for teknisk fagskule. Lærararbeidsplassar.

Uteområde: Gangveg frå busstopp med sitteamfi. Parkering. Sykkelparkering delvis under tak. Skistall. Opphaldsområder utanfor kantine og skuletorget. Sandvolleyballbane. Verkstadtun for BA og TIP.